

KULTURPOSTEN

OKTOBER 2018

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen
i Radøy kommune



*Frå opninga av utstillinga "Den vanskelege reisa"
på Vestnorsk utvandringssenter. Foto: Karine Straume.*



RADØY
den grønne øya

KULTURPOSTEN OKTOBER 2018

Revidering av retningslinene for tildeling av kulturmidlar

Radøy kommune vedtok nye retningslinjer for fordeling av kulturmidlar i 2016. Erfaringane frå desse to åra med dei nye retningslinene er at det kjem inn få søknader om prosjekt- og aktivitetsstøtte som oppfyller krava i retningslinene. Ein løpande søknadsfrist som fører til at søknadene vert vurderte kvar for seg, gjer det vanskeleg både for sakshandsamarar og råda som skal koma med uttale til søknadene. Det er grunn til å tru at ved å innføra to faste søknadsfristar for denne ordninga, vil ein få fleire søknader og ha eit betre vurderingsgrunnlag. Det er også behov for ei presisering når det gjeld tilskot til leiaropplæring.

På bakgrunn av dette legg administrasjonen ut forslag om revidering av retningslinjer for kulturmidlar på høyring. Innspel må sendast Radøy kommune seinast 5. november. Innspel kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller til postmottak@radoy.kommune.no

Utkast til nye retningslinjer er lagt ut på www.radoy.kommune.no/utkast_kulturmidlar

Aktuelle tilskotsordningar - Radøy kommune

Leiaropplæring

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon sjå radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med Bente K. Hervik på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Prosjekt- og aktivitetsstøtte

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med Bente K. Hervik på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

KULTURPOSTEN OKTOBER 2018

Spelemidler

Frist for å søkja spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er sett til 1. november i Radøy kommune. Dette gjeld både nye søknader og søknader som skal fornyast.

For meir informasjon om ordninga og søknadsskjema, sjå www.anleggsregisteret.no. På <https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/soknadsprosess/> finn du informasjon om søknadsprosessen.

Har du spørsmål om søknadsprosessen eller treng hjelp til å fylla ut søknaden? Ta kontakt med rådgjevar kultur Bente K. Hervik tlf. 56 34 90 12 eller på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no.

Tilskot til korpskonsertar i Alver kommune 2018

I samband med Musikkorpsa sitt år vert det oppretta ei tilskotsordning for musikkorpsa i Lindås, Meland og Radøy kommunar. Tilskotet skal nyttast til å gjennomføra konsertar med musikkorps på tvers av kommunegrensene i den nye kommunen. Det vert gjeve eit tilskot på kr 5000 per konsert. I særskilte tilfelle kan høgare tilskot vurderast.

For meir informasjon, sjå nettsida til Alver kommune.



Frå oppstarten av korpsstafetten i Alver kommune.



RADØY KOMMUNE
Kultur- og sørvistorget